



## REGION MØRE

### PROTOKOLL FRÅ REGIONÅRSMØTE I MØRE 2023 I NORDLANDET MENIGHETSHUS I KRISTIANSUND 16.04.23

Søndag klokka 11 hadde vi Sjømannskirkegudstjeneste/»fest på kjerka» i Nordlandet kyrkje. Kristiansund Operakor og Ynglingeforeningens Musikkorps deltok saman med sogneprest/regionstyremedlem Lars-Ove Skaret, regionstyreleder Trygve Winter-Hjelm og regionstyremedlem Arne Bakkedal. Sjømannsprest Carina Møller deltok også på skjerm frå Alanya, Tyrkia og fortalte om arbeidet der. Marit Bakkedal og Eli Myrene stod for serveringa av vaflar og kaffe.

---

Regionårsmøtet blei åpna av regionstyreleiar Trygve Winter-Hjelm som hadde velkomstord.

Me sang deretter bordverset «Gledens Herre» og deretter var det duka for ekte Bacalao frå Kristiansund.

Det var 13 personar tilstades, der 11 var røysteføre.

Forhåndstemmer: 3

Me sang «Kirke reist i verdens hverdag» før helsing frå generalsekretær Jeffrey Huseby.

Me fekk også ei videohelsing frå Leidulf Grimstad (frå Hareid) som er vinterprest på Costa del Sol.

Deretter vart sakslista vedteken.

#### 1. Konstituering

Møteleiar: Trygve Winter-Hjelm blei foreslått. Ole Jakob Risnes blei foreslått til å leie valga. Valgt ved akklamasjon.

Referent: Ole Jakob Risnes blei foreslått. Valgt ved akklamasjon.

Protokollunderskrivarar: Arne Bakkedal og Steinar Rishaug foreslått. Valgt ved akklamasjon.

Tellekorps: Peder Nedrelid og Ingrid Solem foreslått. Valgt ved akklamasjon.

#### 2. Val av delegat til Sjømannskirkens generalforsamling 2023 med resultat

Ole Jakob sa litt om valet. Det skulle velgjast ein delegat og ein vara. Alle som ville stemme gjorde så dette ved å sette eit kryss på den utdelte kandidatlista.

Valet gav dette resultatet:

Kristianne Stendal Lothe: 7 røyster

Arne Bakkedal: 7 røyster

Kristianne Stendal Lothe valgt på loddrekning

### **3. Val av regional nominasjonskomité 2023-2025 med resultat**

Ole Jakob sa litt om valet. Det skulle velgjast tre medlemmer og ein vara. Alle som ville stemme gjorde så dette ved å sette inntil tre kryss på den utdelte kandidatlista.

#### Valet gav dette resultatet:

Solveig Berit Haugsmyr Løvik: 13 røyster  
Per Inge Vik: 10 røyster  
Inge Morten Haarstad: 9 røyster  
Marit Nordhaug: 8 røyster (vara)

### **4. Val av medlemmar og varamedlemmar til regionstyret i Møre med resultat**

Ole Jakob sa litt om valet. Det skulle velgjast fem medlemmer og ein vara. Alle som ville stemme gjorde så dette ved å sette inntil fem kryss på den utdelte kandidatlista.

#### Valet gav dette resultatet:

Margot Røren: 6 røyster  
Lars-Ove Skaret: 11 røyster  
Trygve Winte-Hjelm: 11 røyster  
Arne Bakkedal: 10 røyster  
Eli Myrene: 9 røyster  
Steinar Rishaug: 11 røyster

#### Nytt styre:

Lars-Ove Skaret  
Trygve Winter-Hjelm  
Steinar Rishaug  
Arne Bakkedal  
Eli Myrene  
Margot Røren (vara)

### **5. Regionens årsmelding for 2022**

Årsmeldinga blei gjennomgått av regionstyreleder Trygve Winter-Hjelm med noen oppklaringer. Under målet påpeika Trygve at vi treng unge sparringspartnarar på korleis vi kan nå målet.  
Årsmeldinga vart vedteken.

*Kort pause med kaffe, marsipankake og helsing frå hovedstyrets leder Jørn-Henning Theis*

### **6. Drøfting av saker til generalforsamlinga 2023**

Saka blei gjennomgått av Ole Jakob som informerte om moglege endringar i grunnreglane. Dette kjem til å bli drøfta på generalforsamlinga.  
Det kom kommentar frå Arne Bakkedal på at forslag til endring av formålsparagraf kun dekker nordmenn, og at realiteten er at det fins mange ulike nasjonalitetar på ein båt. Desse kan ein ikkje berre gå forbi! Steinar Rishaug minte om at endringsforslaget gjeld «formålsparagrafen i grunn- reglane». Denne skal gi hovudretning og styre

regel ein norsk kaptein/mannskap involvert.

Ellers blei dei andre forslaga til grunnregelendring informert om.

Ingen fleire kommentarar blei gitt.


Dei andre sakene til generalforsamlinga blei informert om uten fleire kommentarar frå årsmøtet.

Trygve Winter-Hjelm kommenterte at deltakarar på årsmøte kan sende eventuelle kommentarar til utsendingane frå regionen – som kan ta dette med på generalforsamlinga i Oslo 16. – 18. juni 2023.


#### **7. Avslutning**

Valgresultatet blei presentert og deretter sang vi «Den dag du gav oss, er til ende»  
Årsmøtet blei avslutta 15.35 og Lars-Ove Skaret lyste velsignelsen.

Referert av Ole Jakob Risnes



Steinar Rishaug



Arne von Krogh Bakkedal